

Etanol (alkohol) i serum

Bakgrunn

Etanol blir nytta som løysingsmiddel, brennstoff, nyttingsmiddel og rusmiddel. Etanol blir også brukt i behandling ved forgifting med metanol eller etylenglykol.

Indikasjonar

Utgreiing av intoksikasjonar. Utgreiing av årsaker til ulykker og uklare sjukdomsbilde. Kontroll av behandling av metanol- og etylenglykolforgiftingar.

Prøvemateriale



0,5 ml serum teke på rør med gel eller utan tilsetjing.

Haldbarheit serum: 4 døgn.

Referanseområde

< 0,1 g/L (tilsvarar < 0,1 promille)

Tolkingar

Inntak av for mykje etanol kan føre til ei rekkje medisinske og sosiale skadeverknader. Store akuttinntak kan gje alvorleg intoksikasjon med medvitsløyse og respirasjonsstopp. Langvarig høgt forbruk aukar risiko for medisinske langtidsskadar (leverskade, nerveskadar). Forholdet mellom konsentrasjon og forgiftingsgrad er beskrive som:

0,3-0,5 g/L: motoriske og psykiske funksjonar vert påverka

0,9-1,2 g/L: redusert finmotorikk, koordinasjon og merksemd

2,1-2,8 g/L: tydeleg rusing med dårleg koordinert motorikk og tale

3,0-4,1 g/L: nærast medvitslaus, respirasjonen vert påverka

> 4,6 g/L: respirasjonslamming og mogleg død

Toleranse for etanol viser store individuelle variasjonar.

Feilkjelde: Ikkje bruk etanolhaldig væske til huddesinfeksjon før prøvetaking.

Prøven må oppbevarast i lukka rør.